

Vedlegg 4

Knudsen, S.V. (red.) 2011: *Internasjonal forskning på læremidler – en kunnskapsstatus (samandrag)*

Rapporten er utarbeidd ved dåverande Høgskolen i Vestfold på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet og gir ei oversikt over læremiddelforskning i perioden 2000–2011 med vekt på tre tema: 1) innhald, form og bruk, 2) implementering av grunnleggande ferdigheiter og 3) læremiddel som motverkar fråfall. I tillegg er eit fjerde tema, der ein ser på læremiddelbruk som del av klasseromsstudiar, til ein viss grad trekt inn. Studien omfattar dei nordiske landa i tillegg til Tyskland, Spania, Frankrike, England og Nederland og dessutan Australia og Brasil. Rapporten gir ei brei oversikt og viser at læremiddelforskinga står sterkest i dei nordiske landa og Tyskland.

Den overordna drøftinga av hovudfunn peiker på at langt den største delen av forskingslitteraturen er konsentrert om trykte læremiddel, men at forskning på digitale læremiddel er i framgang. Det blir også peikt på at forskinga i stor grad er konsentrert om barneskolen, ungdomsskolen og vidaregåande opplæring, men at det er lite forskning på læremiddel for dei yrkesretta utdanningsprogramma.

Den vidare drøftinga er relatert til dei fire temaområda. Når det gjeld tema 1, innhald, form og bruk, konkluderer rapporten med at det er lite forskning som ser dei tre områda i samanheng. Forskinga er for ein stor del konsentrert om innhald og orientert dels mot fag, dels mot læreplanar, men også mot «ideologier og kulturelle representasjonar og dels autentisitet i materialet» (Knudsen, 2011, s. 15).

Når det gjeld tema 2, forskning på læremiddel og implementering av grunnleggande ferdigheiter, viser oversikta at studiar av implementeringa av dei grunnleggande ferdigheitene særleg har vore knytte til morsmålsfaget, framandspråksundervisning og matematikk, og i noko mindre grad til naturfag og (K)RLE. Forskinga har for det meste vore konsentrert om lesing og skriving, men rapporten framhevar at forskning på relasjonen mellom den digitale ferdigheitskompetansen og læremiddel er aukande. Rapporten trekker også inn temaet læremiddel og tilpassa opplæring under tema 2. Her er det få funn, men dei som finst, er i stor grad konsentrerte om etnisitet og kjønn og i mindre grad om sosial bakgrunn og funksjonshemming. Dei fleste problematiserer stereotypiar i læremidla og den manglande tilpassinga av sosiokulturelle kategoriar (s. 18).

Når det gjeld tema 3, som handlar om læremiddel og motverking av fråfall, er det berre unntaksvis forska på, men det finst eit par studiar frå England og Australia knytte til lesevanskar, morsmålsundervisning og etnisitet.

Rapporten peiker på at det trengst meir forskning på samspelet mellom digitale og trykte medium og på implementering av dei grunnleggande ferdigheitene i læremidla, først og fremst rekning og digitale ferdigheiter.

Rapporten peiker også på at studiar av læremiddel og fråfall er eit underforsa område. Særleg innanfor dei yrkesretta studieretningane trengst det meir forskning, gjerne longitudinelle studiar.

Vidare etterlyser rapporten forskning på samspelet mellom ulike sosiokulturelle kategoriar, som etnisitet, kjønn, sosial bakgrunn og funksjonshemming, med tanke på tilpassa opplæring.

Knudsen, S.V. (red.). (2011). *Internasjonal forskning på læremidler – en kunnskapsstatus*. Horten: Høgskolen i Vestfold.